



Systemtvang og motmakt

Taler

Liv Signe Navarsete

Dato

5 april 2013

Sted

Hotel Alexandra, Loen

Omstendigheter

Senterpartiets landsmøte

1 Kjære Senterpartivenner,

Velkomne til Loen og landsmøte i Senterpartiet!

5 Eit landsmøte som mange har sett fram til med forventning. Landsmøte i Senterpartiet er viktig, engasjerande og moro.

Nokre har også hatt litt blanda kjensler før dette landsmøtet, grunna ei lenge varsla bok.

10

Lat meg seie det slik: We are shaken, but not stirred!

For å vere litt meir alvorleg: Me skal tole at både parti og enkeltpersonar vert sett under lupa.

15

Men verken eg, Ola eller Trygve kjenner oss igjen i det biletet som vert teikna av korleis me i leiinga samarbeider.

20

Ja, me er politisk ueinige i enkelte saker. Men nettopp dét at me utfyller kvarandre er ein styrke for partiet. Eg meiner det gjer at me oppnår meir politisk.

25

Og den som trur at ei bok basert på anonyme kjelder skal spora Senterpartiet ifrå politisk debatt på landsmøte, han eller ho kjenner ikkje rørsla vår særleg godt!

Landsmøte,

30 Me skal dei neste dagane drøfte mange politiske saker, og gjere viktige vedtak.

Vedtak som vil endre norsk politikk på same måte som våre tidlegare vedtak har endra Noreg.

35 Me er jordnære folk i Senterpartiet. Det er bra.

Men det gjer og at me er litt for smålatne. Litt for lite stolte.

Eg har tenkt på dette på skiturane i påskeferien.

40

Landsmøte, Sp er inne i ei storheitstid.

Me er midt i den lengste perioden Senterpartiet har vore i regjering.

45 Regjeringa vår har fleirtal på Stortinget.

Medlemer og lokallag - grasrotpartiet framom noko har aldri hatt større påverknad enn no.

50 Når neste historieverk om Senterpartiet skal skrivast, vil denne perioden bli skriven med gullskrift!

Kva har me oppnådd?

55 Me har sikra at dei evigvarande verdiane i norske fossefall skal tilhøyra det norske folket.

Me lova ein aktiv næringspolitikk.

60 Sidan me tok over roret er det skapt 300 000 nye arbeidsplassar. To av tre i privat næringsliv.

Eg er stolt over Senterpartiet som partiet for gründerar og næringsutvikling.

65 Og næringslivet nyt godt av at me fekk gjeninnført den differensierte arbeidsgjevaravgifta.

Me lova å setje mat og landbruk på dagsorden.

70

Inga anna regjering ville gitt den norske bonden kronemessig lik utvikling som andre grupper, slik me har lukkast med.

Og kortreist mat er trendig og etterspurd som aldri før.

75

Me lova å stogge Erna Solberg si svelteforing av kommunane.

Me har sett Noregsrekord i tillit til lokalpolitikarane: Me har auka dei frie midlar til kommunane, og rundar i år for første gong 300 milliardar frie kroner.

80

Det betyr at alle ungane våre får barnehageplass.

I skulane leverer dyktige leiarar stadig betre resultat.

85 Fleire eldre får hjelp når dei treng det.

Og aktive kommunar satsar på kultur, næringsutvikling og arbeidsplassar.

Eg hadde sjølv som samferdselsminister gleda over å vera den første som faktisk oppfylte ramma som var lagte i transportplanen.

90

Me har sytt for ei heilt ny tid for samferdsla i Noreg.

Høyr berre her:

95

Me sette raskt i gang att Intercity-utbyggjinga som stoppa opp under Høgre.

No bygger me HEILE Intercity.

100 Me lanserte visjonen om den digitale allemannsretten i 1997.

No sikrar me at alle - alle - husstandar i Noreg får breidt breiband.

Me tok tidleg initiativet til ferjefri E39.

105

Sp programfesta som einaste parti bygging av Stadt skipstunnel alt i 1997. No skal den byggjast!

110 Me trudde lenge det var ein draum, eit Soria Moria i seg sjølv.

No blir vegen bygd. Samanhengande.

... og slik kunne eg halde fram. Lenge.

115

Landsmøte - Senterpartiet i regjering forandrar Noreg. Og det skal me fortsetje med!

Avisa Nationen, 21. juni 1920:

120

«Klokken 10 formiddag fant den høytidelige åpning sted, og byens største lokale var stuvende fullt av tunge bønder hvis ansikter bar preg av en egen skjebnesvanger høytidelighet.»

125

Slik skildra avisa stiftinga av Bondepartiet.

... dei kjente til faget «fargerik journalistikk» også i gamle dagar ...

Eg vil gje ei ekstra helsing til dei i salen som er på sitt første landsmøte.

130

De skal veta at de, akkurat som dei som var med i 1920, er med på noko stort.

For det betyr noko kva me vedtek på landsmøtet i Senterpartiet.

Det legg føringar for norsk politikk!

135

Det nyskipa Bondepartiet spela ei viktig rolle alt frå dag ein.

Ved det første valet fekk me heile 13 % av røystene. Det finst få døme i vestlige demokrati på nyskipa parti som vinn fram så raskt.

140

Dette er ein viktig del av forteljinga om Senterpartiet.

Eg høyrer mange ulike historiar om oss som parti, som rørsle.

Ja - kva er Senterpartiet?

Kven er vi?

150 Nokon seier Senterpartiet er det jordnære partiet.

Praktikarar.

Meir opptekne av å finne løysingar enn av politisk spel.

155

Mange kallar oss hestehandlarar. Nokre med forakt i stemma, andre med respekt.

Me er kjende for å gje veljarane våre stor utteljing for røysta si.

160

Media kallar oss ofte for ordførarpartiet. Og ja, me står sterkt lokalt.

Me har solide folk som nyt sterk tillit i heile landet.

165 Senterpartiet er det største partiet i 60 kommunar.

Me har 93 ordførarar. 73 varaordførar.

Me er med og styrer nesten 40 % av kommunane i Noreg.

170

På ferja frå Molde til Vestnes for nokre veker sidan traff eg ein røsleg kar som sa han var så glad i Senterpartiet fordi me ikkje er glatte politika-typar.

De er meir som vanlege folk.

175

Kvardagsmenneske, sa han.

Eg likte det.

Det er mitt Senterparti. Eit parti av og for kvardagsmenneska.

180

Ja - det finst mange forteljingar om Senterpartiet.

Eg meiner ei av dei som sjeldan vert fortalt, er forteljinga om at me er viktige.

185

Senterrørsla er ei viktig røyst. Me har stor kraft.

Senterpartiet og vår rørsle har spela ei avgjerande rolle ved viktige korsvegar i Noreg si historie.

190

Me var viktige lenge før partiet vårt formelt var stifta.

Det var den demokratiske bonderørsla som vann kampen mot embetsmannsstaten tidleg på 1800-talet.

195

Dei gav oss formannskapslovene - lover som historikarane priser som ei radikal desentralisering av makt - betre enn i nokon annan europeisk stat på den tida.

Senterpartiet endra norsk politisk historie med kriseforliket med Arbeidarpartiet i 1935.

200

Med Borten-regjeringa frå 1965 gjekk me i front for eit meir ope samfunn, for sosial tryggleik, for ei langsiktig forvalting av naturressursane.

205

Me skipa den norske distriktpolitikken, og la slik grunnlaget for at me også i dag tek heile Noreg i bruk.

1972. 1994. Utan Senterpartiet hadde Noreg på ny vore underlagt ein elitedriven union utan forankring i folket.

210

Me valde i 2005 å inngå eit nytt historisk samarbeid.

Me vann valet på lovnader om raudgrøn regjering og ny kurs for landet.

215

Det var eit viktig val.

Det var eit rett val.

Og me har endra kursen for Noreg.

Før valet til hausten spelar Senterpartiet på ny ei viktig rolle.

220

Me er viktige fordi me i regjering frontar kampen mot systemtvang.

Systemtvang oppstår når enkelte system og tankesett får styre fritt.

225

Når enkelte krefter sit med definisjonsmakta, med einerett på å leggja føringar for samfunnsdebatten.

Systemtvangen finn me på alle nivå i samfunnet.

230

Han er der i kvardagen - og han når ut til dei yste nesa. Til dømes til det vesle øysamfunnet Leka i Nord-Trøndelag, ei distriktskommune med knappe 600 innbyggjarar.

235 Der finn me sterke historiar.

I fjor haust sende skuleeleven Marie Thorsen frå Leka eit brev til Kongen og statsministeren:

240 «Som skoleungdom på 16 år er dette noe jeg egentlig ikke har lyst til å bekymre meg over, men når hjemlassen din holder på å forsvinne for dine føtter ser jeg ikke noe annen mulighet enn å ta dette til øverste hold, for å vise hvor mye denne lille flekken på kartet betyr for meg, og alle Lekværingar.

245 Først vil jeg begynne med å fortelle deg hvilken fantastisk plass denne lille øya er: På Leka finner du det meste; hyggelige folk med positive innstillinger, en humor uten like og en «ståpåvilje» ulikt alt annet. Du finner kulturskatter og et landskap som tar pusten fra deg, og du finner en trygghet og en varme som det ikke mulig kan finnes noe annet sted på jord.

250

Vi som vokser opp på Leka lærer oss å være modige, sterke, uavhengige, selvstendige, viljesterke og vi lærer oss å kjempe for retten vår. Vi må flytte tidlig hjemmefra for å gå på skole, og vi må kjempe nærmest daglig for retten vår - og for denne øya som vi er så glad i.»

255

Marie Thorsen er som de skjønar sær, sær glad i heimlassen sin.

Men ho er også uroa.

260 I brevet skildrar Marie godt ei kjensle av avmakt som eg trur mange vil kjenne seg att i.

265 Korleis hennar verd, hennar lokalsamfunn vert trua av krefter utanfrå som ikkje
forstår korleis det er å leva på ein plass som Leka.

Trugsmålet ligg i systemtvangen. Den må møtast med motmakt.

270 Senterpartiet er den motmakta i norsk politikk. Ei motkraft der andre flyt med
straumen.

Men systemtvang finn me på alle nivå. Ikkje minst globalt.

275 Noko av kjelda er den økonomiske teorien som sidan krigen har fått utvikla seg
til einetanke, utan rom for alternative idear.

Økonomar som ikkje skjønar at realøkonomi og finansøkonomi må hengja
saman.

280 I dag veit me at verdas største finanskonsern i årevis levde i si eiga verd, med
eigen logikk.

Heva over lover og reglar - og langt forbi ein kvar grunnleggjande moral.

285 Gav lån til folk som absolutt ikkje hadde råd til renta.

Samansette sparetiltak. Så kreative - så kompliserte - at ingen eigentleg forsto dei.

290 Rundlurte folk. Og norske kommunar.

Resultatet vart ei finanskrise. Seinare ei økonomisk krise.

Store delar av verda slit no med arbeidsløyse, velferds-kutt og sosial uro.

295 Korleis kunne det skje? Korleis kunne me la det gå så langt?

Svaret er systemtvang.

300 Ein einerådande ide om at marknaden kan løyse alt, at den er sjølvregulerande.
Nyliberalismen vann definisjonsmakta.

Me i Senterpartiet veit at terrenget ikkje passar overeins med eit teoretisk, ideologisk kart.

305 Dei balanserte løysingane er best.

Marknad og handel er naudsynt, men marknaden må korrigerast.

310 Finansøkonomien er ingen fiende. Den trengst, for å underbygge realøkonomien.

Problemet er at nyliberalismen ikkje ser skilnad på finansøkonomi; pengar, aksjar, fond - og på realøkonomi; dei konkrete produkta, faktiske varer og tenester.

315

I nyliberalismen er alle varer like i jakta på profitt.

Mat og jord, vatn eller sosiale tenester - alt har ein pris på ein marknad.

320 Men me veit at ein slik marknad, om han ikkje vert korrigert, er blind for sosial utjamning.

Blind for internasjonal rettferd, for distriktsomsyn eller mattryggleik og beredskap.

325

Det vert ein politikk som er historielaus og farleg.

Systemtvangen gjennomsyrrer trendane rundt oss og dei internasjonale organisasjonane, som EU, EØS og WTO.

330

Det er tunge krefter.

Eg trur den enkle logikken i realøkonomi fell lettare for Senterpartiet enn andre parti.

335

Ein må skape noko for at det skal ha reell verdi.

Partiet vart skipa av menneska som levde i, med og av naturen.

Forståinga for verkeleg verdiskaping,
av å hausta av naturen,
av å foredle det du haustar,
det er sjølv arvestoffet i partisjela vår.

345

Framleis er me partiet for folk med trølar i nevane og skit under neglene.

Framleis er me partiet også som forstår at du må så før du kan hauste.

350 Eg er stolt over å høyre til i eit parti som tore å utfordre definisjonsmakta.

Som til alle tider har representert motmakta.

Det er ikkje alltid like populært.

355

Men politikk er ikkje alltid medstraums.

Stundom trengs "ei kjerring mot straumen ..."

360 I kampen for distrikta,
for primærnæringane,
for småkommunar,

for desentralisering
365 eller
mot EØS,
mot sentralisering,
så har Senterpartiet tatt dei utrendy kampane.

370 Me torer å tale Brussel midt imot og innføre prosenttoll.

Fordi me veit at landbruksvarer ikkje er som spiker og fjernsyn.
Fordi me nektar å innordne oss ideen om at stadig friare flyt er vegen å gå.

375 Definisjonsmakt og motmakt. Dei etablerte sanningane vert skapte og
oppretthaldne fordi nokon tener på den makta.

Senterpartiet er eit lite parti som utfordrar global systemtvang.

380

Ingen skal seie at me vel dei lette kampane.
Men den som tek dei tøffe kampane kan utgjera ein enorm skilnad.

Me vil alltid lengre enn me kjem.

385 Kanskje synest det ikkje alltid like godt, når motmakta sit i regjering.

Men det lovar eg dykk, det vil synast i Noreg når me ikkje sit der.
Noreg vil sjå annleis ut hvis andre krefter tek over.

390 Viktige verdiar misser eit talerøyr i regjering.

Kvardagsmenneske misser ei røyst.

Det er dét valet handlar om i september. Det er mykje som står på spel.

395

Systemtvangen har drive verda uti ei finansiell og økonomisk krise.

Folk har mista hus, heim og arbeid.

400 Og som folkestyrepartiet så forstår me i Senterpartiet betre enn nokon andre parti i Noreg at økonomisk uro også er eit demokratisk problem.

Som det står i utkastet til nytt partiprogram;

405 «Senterpartiets fremste mål i den økonomiske politikken er varig balanse i landets økonomi.»

Utan ein balansert økonomi, ikkje noko reelt folkestyre.

410 Viktige økonomiske prinsipp ligg til grunn for eit godt nasjonalt demokrat:
Den private eigedomsretten. Spreidd eigarskap. Små ulikskapar mellom folk og regionar.

Ein næringsvenleg politikk, i den rette balansen mellom individ og fellesskap.
Høg tillit mellom folk, og difor lite korrupsjon.

415

Folkestyre føreset at økonomien er på stell.

Og me ser konsekvensane av dette no.

420

Korleis uroa slit også på dei nasjonale demokratiske institusjonane i fleire av landa sørover i Europa.

Eg tykkjer òg det er interessant å sjå korleis unionen som politisk system prøver å løyse dei økonomiske problema.

425

Handlingsmønsteret deira stadfester kjernen i vår kritikk av EU.

Eg meiner me ser ein systemtvang også i måten EU responderer på.

430

Svaret deira er retta mot finansøkonomien, ikkje realøkonomien.

Og svaret deira er meir elitestyrt politikk utan forankring i folket.

435

Mens elitane trekkjer inn på vinslott for å drøfte løysingar, trekker folket til gatene for å bli høyrd.

Kvar er så 16 år gamle Marie Thorsen frå Leka oppi alt dette?

440

Jau, også i Noreg er det systemtvang.

Og når Marie skriv brev til Kongen og statsministeren fordi ho fryktar sentraliseringa skal øydeleggje heimlassen hennar, så kjenner me i Senterpartiet oss igjen.

445

For sentraliseringa sin logikk gjer seg gjeldande på nær alle områder.

Svaret på ei kvar utfordring er større einingar.

450

Eit kvart problem løysast med å flytte kompetanse, arbeidsplassar og folk inn til sentrale strom.

Me ser det i debatten om kommunestruktur.

455

Eit enkelt døme: Når småkommunane har utfordringar med å rekruttere folk, er årsaka til problema at kommunen er for liten. Svaret er å slå saman kommunar.

Interessant, då, at også dei store kommunane har utfordringar med rekruttering.
460 Men dét har visst ikkje noko med storleik å gjere. Då handlar det om mangel på
utdanna fagfolk.

Me ser den norske systemtvangen i kampen for distriktspolitikken.

465 Korleis enkelte riksmidia og rikssynsarar med definisjonsmakt har klart å
definera distriktspolitikk som subsidiering av
ineffektive,
ulønsame,
gamaldagse
470 og kjedelege, avsides plassar.

Stadar som høyrer fortida til.

Me ser systemtvangen i korleis Innovasjon Norge jamleg blir kritisert for å drive
475 distriktspolitikk.

Den siste månaden har økonominettstaden E24, som er eigd av VG, køyrt ein
serie særskilte artiklar om nettopp Innovasjon Norge.

480 Vel, kjære økonomijournalistar, BI-forskarar og andre kritikarar:

Det er på tide med ein liten historietime og litt god, gamaldags folkeopplysning.

Tanken om det som i dag er Innovasjon Norge vart unnfanga som ein ide frå
485 Bygdefolkets Ungdomsfylking, Senterungdomen, i 1956.

Dei tok til orde for eit fond som kunne finansiere utvikling i distrikts-Noreg.
Behovet var stort fordi det var krevjande å finansiere næringssetjing i
utkantområda.

490 Ungdommen foreslo eit fond på 1 mrd kroner. Det er mykje pengar i dag. Den
gongen var det ein enorm sum.

Til liks med dei fleste andre djerve idear i distriktspolitikken, så vart framlegget
495 latterleggjort.

Politiske motstandarar og rikspressa meinte tanken på eit fond for utbyggjing i distrikts-Noreg var tullete.

500

Men Senterungdomen ga ikkje opp. Dei argumenterte sakleg og tålmodig.

Og dei vann fram.

505

Distriktenes utbyggingsfond vart skipa i 1961. Det vaks til Statens Nærings- og distriktsutviklingsfond (SND) i 1993. Som i 2003 vart endra til nettopp Innovasjon Norge.

Og det er dette økonomane har så tungt for å svelga:

510

Innovasjon Norge er og skal vera eit distriktpolitisk verkemiddel.

Verkemidlet finst fordi det norske folk ønskjer at me skal hauste av ressursane og skape verdier i heile landet, trass i regionale forskjellar og avstandsulempar!

515

Dét at det bur folk overalt,
at me har levande lokalsamfunn frå den blide sørlandskysten
og heilt opp til det barske nordavindsriket
- det er noko av det som gjer at me er så glade i landet vårt.

520

Nei, Innovasjon Norge skal slettes ikkje slutte med distriktpolitikk - dei skal bli enno tydelegare i si distriktpolitiske oppgåve.

525

Mellom anna skal Innovasjon Norge akseptere større risiko i næringssvake område.

Det har ei samla regjering stilt seg bak i distriktsmeldinga me la fram før påske.

Og eg kan love kritikarane dette:

530

Senter-rørsla unnfanga ideen - og så lenge Senterpartiet sit i regjering så vil Innovasjon Norge vere ein del av distriktpolitikken!

Me ser systemtvangen i debatten om rovdyrpolitikken.

Andre har vore premissleverandørar, vunne definisjonsmakta.

Dei har sett likskapsteikn mellom å vere for miljø og for rovdyr - eller at mot rovdyr er mot miljø! Det gjer det vanskeleg for oss å få gjennomslag.

540

Me veit at god miljøpolitikk er å halde bygdene ved like og å halde naturen i hevd.

Me ser korleis dei brukar definisjonsmakta i jordbruksdebatten.

545

Korleis rasjonaliseringa i jordbruket ikkje vert anerkjend.

Forteier faktum som at jordbrukssektoren dei siste ti åra har hatt ein årleg vekst i arbeidsproduktiviteten på 6,3 % per år.

550

3 gonger så stor som i resten av Noreg.

Våren er ei viktig tid for bonden.

555

Ikkje berre er det kritisk å få såkornet i jorda.
Samstundes møtest partane til jordbruksoppgjeret.

Senterpartiet meiner det er sjølv sagt at verdas viktigaste yrke skal ha inntektsmoglegheiter på line med alle andre gruppar i samfunnet.

560

Når andre får høgare kjøpekraft, må og bøndene få det.

For å nå målet vårt om auka matproduksjon må det løne seg å produsere mat - i heile landet.

565

Då må me ha jordbruksoppgjer i tida framover som gjev grunnlag for auka lønnsemd og optimisme i næringa.

Eg kan love dykk at me er klare til å sloss.

570

Det viste me i tollsaka.

Me skal vise det igjen!

Me ser systemtvangen i debatten i kjølvatnet av 22. juli.

Korleis rapporten frå kommisjonen blir misbrukt som grunnlag for å presse fram sentralisering.

Det skjer sjølv om det ikkje står noko som helst i den rapporten som underbyggjer ei slik tenkjing eller slike framlegg.

Det mest dagsaktuelle dømet er prosessen med å leggje ned om lag halvparten av 110-sentralene.

Kven har spurt om folk i Møre og Romsdal vil få eit betre tilbod om den velfungerande 110-sentralen vert flytta frå Ålesund til Trondheim?

Det er særst gode argument mot dei framlegga som er komne.

Eg meiner det er naturleg å sjå føre seg eit fylkesdekkjande distrikt for beredskap.

Fylkesmannen har ansvaret for å koordinera tryggleiksarbeidet. Viktige stikkord her er lokalkunnskap, øvingar, tett samarbeid mellom politi, brann- og helsevesen og nærleik til folket.

No ligg klagesakene i Justisdepartementet, og eg skal difor nøye meg med å seie at Senterpartiet skal arbeide for å oppretthalde det som fungerer. Kvifor skal me reparere det som fungerer bra.

Me ser korleis definisjonsmakta hevdar at språket til mange av oss, nynorsk, er ein klamp om foten og ei byrde for storsamfunnet.

I dag held me landsmøtet vårt på hotellet som er sjølv flaggskipet for det nynorske næringslivet i fylket.

Alexandra vekte oppsikt då dei byrja å bruke nynorsk i marknadsføringa si for om lag 30 år sidan.

I dag lever nynorsken på heimebane som aldri før.

615 Men for å sikre nynorsken si framtid må me slå ring rundt mållova og
sidemålsordninga i skulen.

For Senterpartiet er det ei viktig kultursak at elevar i heila landet både lærer og
får karakterar i sidemål.

620

Kanskje er det på tide å blåse støv av målungdomen sitt gamle slagord: Nynorsk
is a better language.

Me ser systemtvangen i korleis spørsmålet om medlemskap i EU aldri vert lagt
625 dødt, sjølv om folket har sagt nei fleire gonger.

Og garantisten mot norsk EU-medlemskap er og blir Senterpartiet.

Me ser og systemtvangen i kor utruleg vanskeleg det er å forestille seg at ny
630 verksemd og arbeidsplassar kan lokalisrast i utanfor sentrale strok eller i nye
landsdelar.

Men det må me for å ta heile landet i bruk.

635 Og apropos det har eg med ei verkeleg gladnyheit til dykk:

I dag godkjenner Regjeringa i statsråd planen for å byggje ut og drifte Aasta
Hansteen-feltet.

640 Aasta Hansteen ligg nord i Norskehavet, 300 km vest for Bodø.

Driftseininga for feltet vert lagt til Harstad, helikopterbasen til Brønnøysund og
forsyningsbasen til Sandnessjøen.

645 Denne utbygginga opnar opp ein ny gassregion i Norskehavet og utløyser
investeringar til over 30 milliardar.

Nord-Norge får del i oljeeventyret - også utan oljeboring i Lofoten.

650 Seksten år gamle Marie Thorsen frå Leka har skjont det som alt for få i Noreg
skjønar.

Politikarar, forskarar, økonomar, rikssynsarar.

655

Marie er som ungen i eventyret som roper ut, at «keisaren har jo ikkje klede på!»

Ho nektar å akseptere systemtvangen,

660

ho nektar å akseptere den rådande tenkjinga,

ho nektar å akseptere at sentralisering er svaret på Leka sine utfordringar.

665

Eg har snakka med Marie, og lova ho dette: Senterpartiet står fremst i denne kampen.

Ho og alle andre ungdomar som ser at heimplassen deira er truga av sentralisering skal vite kven som er deira næraste allierte.

670

Senterpartiet er i regjering for å endre.

Me har oppnådd mykje i lag med SV og Ap.

675

Men me har mykje ugjort.

Eg er sikker på at våre visjonar for Noreg lettast blir verkelege i ei ny raud-grøn regjering, med ei ny, grønvaska Soria Moria III.

680

Ei Soria Moria III som forsvarar alt me har bygd opp i åtte år, og som dessverre kan rivast ned av krefter som vil i ei anna retning.

Ei Soria Moria III som bygger landet vidare:

685

Me skal bygge veg og me skal bygge bane!

Ambisiøse planar har me, det skal de snart få sjå i Nasjonal transportplan.

Men no skal pengane løyvast og vegane byggast!

690

Me skal verkeleggjere digital allemannsrett!

Me har vedteke breiband til alle husstandar i heile Norge.

695

Me skal strekkje dei kablane og byggje dei mastane!

Me skal revolusjonere eldrepolitikken! Ein gamal er ikkje berre gamal lengre, han er ein medborgar.

700

Dei gode tenestene i kommune skal bli enno betre. Løyvingar til kommunane vert aldri salderingspost for sentralmakta så lenge me har handa på rattet!

Me skal auke produksjonen av trygg norsk mat.

705

Inntekta og statusen til den norske bonden skal opp.

Me skal byggje meir fornybar kraft enn nokonsinne.

710

Me skal opne døra for ei ny æra i norsk næringsliv.

Me skal setje naturen i arbeid og skape verdiar.

Landsmøte - Senterpartiet i regjering endrar Noreg.

715

Noreg treng Senterpartiet.

Det er me som tek heile landet i bruk.

720

Kilde

www.senterpartiet.no

Emner

Landsmøtetale, Partipolitikk, Regjeringen, Senterpartiet, Valg

725

URI

<https://www.virksommeord.no/tale/systemtvang-og-motmakt>